

ÅRSMELDING 2024

NATURVERNFORBUNDET I

Prioriterte saker

Årsmøtet vedtok at vi i 2024 skulle ha hovudfokus på følgjande saker:

- Vindkraft Årdal
- Marint vern av Sognefjorden
- Prosjektet "Rein Sognefjord"

Organisatorisk

Årsmøte

Årsmøtet vart halde på tysdag, den 27. februar 2024.

Møtet starta med ei innleiing om aktuelt tema, deretter vart det ordinære årsmøtet gjennomført med behandling av mellom anna rekneskap, årsmelding og val. Det var 21 medlemmer til stades på årsmøtet. Protokollen frå årsmøtet kan ettersendast om ønskeleg.

Styret

Styret har hatt 14 styremøter i 2024, og har bestått av:

Leder: Iselin Helløy
1. Nestleiar: Tine Sille Svendsen
2. Nestleiar: Carina Paetzel
Kasserar: Bjørn Christian Weinbach
Styremedlem: Håvard Grøteide
Styremedlem: Åsne Århus
Styremedlem: David Postelt
Styremedlem: Katharina Karlsen Hessen
Styremedlem: Torgeir Sørmo Holmslet
Styremedlem: Sigurd Felde
Vara: Bror Kristian Raamaas Tandberg
Vara: Sofie Stranger
Vara: Terje Valen Høihjelle

Medlemmer

Naturvernforbundet i Indre Sogn hadde per 31.12.2024 300 medlemmer.

Dette er ein auke på 66 medlemmer samanlikna med 2023. Allereie har me fått 15 nye medlemmer i 2025, og har no totalt 315 medlemmer.

Inkludering og rekruttering

Naturvernforbundet skal fram mot 2030 jobba for å bli ei brei folkerørsle for natur og klima. I lokallaget har me arbeidd med inkludering og rekruttering ved å mellom anna:

- Hatt eit ope møte
- Fokusert på opne arrangement med brei målgruppe
- Samarbeidd med andre organisasjonar
- Deltatt på Pride i Sogndal

Økonomi

I 2024 endte vi med et overskudd på kroner 21,704.57

Merknad: 12,461.00 av disse er øyremerka fjordseminar.

Utvikling i lagets egenkapital:

31. desember 2023: 9,420.45 kroner

31. desember 2024: 21,704.57 kroner

Miljøpolitisk arbeid

Naturvernforbundet i Indre Sogn har jobbet med følgende prioriterte saker i 2024.

Vindkraft Årdal

Dette prioriterte punktet heiter vindkraft, men handlar også om anna utbygging av fornybar kraft og kraftnett i Årdal. Me har skrive høyringssvar til Statnetts konseptvalutgreiing for Indre Sogn, der me argumenterer for konsept 2.3, som vil gi minst påverknad for naturen, då det vil følgja ei allereie utbygd trasé. I tillegg har me delteke på nabomøte med Hydro Årdal og Statnett, der dei delte planane sine for kraftutbygging i Årdal.

Marint vern av Sognefjorden

Me skreiv ein uttale om Vern av Sognefjordet, som vart vedteke på landsmøtet 2024. Les uttalen her:: [Vern av Sognefjorden – vår verdsarv og vårt ansvar for framtida](#). Me deltok også på arrangementet Ein fjordkveld på meieriet, arrangert av Sogn friluftsråd. Der deltok styreleiar Iselin Helløy på debatt om marint vern. Bjørn Christian deltok også i debatten, men på vegner av Rødt Sogndal.

Prosjektet “Rein Sognefjord”

Vi deltok på rydding under Rein Sognefjord 12. september.

Arrangementer

Lokallaget har arrangert

- 21.mars: Sofaprat - Sirkularitet og framtidens matproduksjon

- 26. mai: Rydding av lupin (med Sogn botaniske forening)
- 20 juni: Økofilosofisk vandring på Røvhaugene
- 7. sep: Gammelskogstur på kaupangerhalvøya (med Sogn botaniske forening)
- 10. sep: medlemsmøte - innspel til landsmøte
- 12. sep: Rein sognefjord 2024
- 30. sep: Miljøprat og mat
- 28. okt: Miljøprat og mat: Hodlekve
- 21. nov: Bålkveld i Sogndal
- 25. nov: Miljøprat og mat: "Fossilmakta" og demokrati
- 29. nov: Grønn fredag (med Simas, Framtiden i våre hender og DNT)
- 12. des: Bålkveld i Sogndal
- 18. jan: Hele Norge bålet - bålkveld i sogndal
- 27. jan: Miljøprat og mat: Troels frå Sperlebakke om småskala matproduksjon utfordringa med å kjøpe eldre hus i Luster.
- 10. feb: Vern er vern! Markering mot å oppheve vern av vassdrag

Miljøprat og mat er et samarbeid med Framtiden i våre hender og Folk mot fossilmakta. Bålkvelder i Sogndal er et samarbeid med DNT Unge voksne. Det har eige facebook gruppe: [Bålkvelder i Sogndal](#)

Lokallaget har deltatt på følgende arrangementer

- 22. juni: Folkefest for Vettisfossen - 100 år med vern
- 26. aug: Ein fjordkveld på meieriet, med sogn friluftsråd
- 31. aug: Pride i Sogndal
- 17. sep: Nabomøte med Hydro Årdal og Statnett
- 16. okt: Innspelsmøte i strategiprosessen til Sogn friluftsråd

Aktivitet i media

Naturvernforbundet i Indre Sogn har vore synlige i media i året som har gått, og har blant anna hatt følgjande medieoppslag/lesarbrev på trykk:

- [Lupin – fin, men farleg](#) (12.06.2024, mening skrive av styreleiar Iselin Helløy).
- [Lupinen har teke heilt over: – Geiter er eit alternativ](#) (21.07.2024, Sak om lupin og vår ryddeaksjon)
- [Vandra saman for villreinen: – Viktig å vera føre var](#) (29.09.2024, Intervju med Rigmor Solem om Vandreseminaret, der vi vart med som arrangør og støtta økonomisk)
- [Bjørn Christian vil ha meir merksemd rundt verneprosessen: – Sognefjorden kan bli eit symbol. Eit symbol på noko anna](#) (07.11.2024, Intervju av Bjørn Christian Weinbach om uttalen om vern av Sognefjorden til landsmøte 2024)
- [Ingeborg er med som arrangør for første gong: – Det blir ein heilaftan](#) (26.11.2024, Intervju om Grønn fredag med Ingeborg Bjørke frå Framtida i Våre ender)
- [Mobiliserte på kort varsel og håpar politikarane snur](#) (10.02.2025, Sak om vår markering mot å oppheve vern av vassdrag)